

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET I TROMSØ MÅLLAG 2011

1. Val av møteleiar og skrivar

Årsmøtet valde Inger Johanne Sæterbakk som møteleiar, og Borghild Gramstad som skrivar.

2. Godkjenning av sakliste

Saklista blei godkjent.

3. Årsmelding

Årsmeldinga blei godkjent med desse endringane:

- Under overskrifta *Nettsideprosjektet Nynorsk i nord*, blei denne setninga ny setning nummer 2: Vi ønskjer å vidareføre initiativet, og bestemte å vurdere andre løysingar.
- Under overskrifta *Økonomi* blei det lagt til ei ny setning nest sist: Dette har gitt lite inntekt i 2010.

4. Rekneskap 2010

Rekneskapen blei godkjent.

5. Val av nytt styre

Valnemnda sitt framlegg blei samrøystes vedtatt:

Øystein Alexander Vangsnes, leiar, vald for eitt år
Oddrun Molvik, styremedlem, vald for to år

Guri Skeie, kasserar, Borghild Gramstad, skrivar og Bjarne Isaksen, styremedlem, stod ikkje på val.

Varafolk – begge valde for eitt år:

1. Kjellaug Jetne
2. Olaus Husabø

Revisor: Else Marie Øvrebø, vald for eitt år

Styret foreslo denne valnemnda, som blei vald samrøystes for eitt år:

Trond Trosterud, leiar
Inger Johanne Sæterbakk
Vigdis Tverberg

6. Val av utsendingar til NM-landsmøtet i Suldal og til fylkesmållet sitt årsmøte

Øystein Vangsnes blei vald som utsending til NM-landsmøtet, med resten av styret som vara.

Styret fekk fullmakt til å velja utsendingar til fylkesmållagsårsmøtet når datoen er bestemt.

7. Arbeidsplan for 2011

Arbeidsplanen blei godkjent med desse endringane:

Dei to forfattarnamna blei strokne (Morten Sjøberg og Ingvild Holvik).

8. Budsjett for 2011

Budsjettet blei godkjent, med desse endringane:

Landsmøtet skal settast opp som eigen post, med 5 300 kroner. Møteposten skal vera på 5 000 kroner. Lokalsatsen av medlemspengane for 2012 blir 70 kroner, som tidlegare.

9. Fråsegner

Øystein Vangsnes orienterte om fråsegna under, som blei vedtatt. Styret fekk fullmakt til å ta hand om det praktiske arbeidet med fråsegna etter årsmøtet:

Tromsø mållag støttar forslaget om å innlemme Tromsø kommune i samisk språkforvaltingsområde. Den samiske språkgruppa er ei av verdas mest trua språkgrupper med i beste fall 25.000 talarar fordelt over ei rekkje forskjellige språkformer i Noreg, Sverige, Finland og Russland. Samisk språkforvaltning er eit viktig verkemiddel for å halde den samiske språkarven levande, og ved å innføre dette vil Tromsø kommune gi eit svært verdifullt bidrag til vidare utvikling av samisk som samfunnsberande språk. Dette er også eit signal om at Tromsø kommune tek ansvar for ei viktig side ved den nordnorske kulturarven og for språkleg mangfald.

10. Orientering om stoda for nettsideprosjektet Nynorsk i nord

Øystein Vangsnes orienterte: Opphavleg var tanken å ha Nynorsk i nord som ei wiki-side, men det tekniske har svikta. Framlegget er å leggja stoffet direkte inn i nynorsk Wikipedia, men å ha ein eigen portal slik at dette stoffet skil seg ut. Fordelane er at stoffet blir meir synleg, og pengane ein sparer kan ein bruka til innhald og oppsett/design.

11. Innkomne saker

Det var ingen innkomne saker

Møtet blei avslutta med kaker og opplesing ved forfattar Ingvild Holvik.

Tromsø, 4. mars 2011

Borghild Gramstad